


Takka kundane med kake

03.04.2009



Kundane vart påspandert kake og kaffi siste dagen i banken. Frå venstre Bjørg Marie Ljosnes, Bjørgulv Eik, Margit Eik og Sigrun Haugland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Klokka 15.30 fredag var det slutt på banktilbodet i Uskedalen og Kjersti Braatun stengde døra for godt. Allereie måndag blir ho å finna bak skranken på hovudkontoret i Rosendal der ho også var til for vel tre år sidan.



Bjørvgulv Eik gjer siste uttak i banken i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kjersti spanderte marsipankake og kaffe heile den siste arbeidsdagen sin i Uskedalen.

- Nokre av kundane undra seg litt over det, for dette er jo ikkje akkurat nokon festdag. Då var svaret mitt at kundane fortener kake og at dette er bankens takk til dei, seier Kjersti.

Om det ikkje akkurat var gravølstemning i banken, er det ikkje til å bortforklara at kundane var litt nedstemte. Alle beklaga at bygda no mister banken sin sjølv om det sikkert blir ein brukbar erstatning på SPAR.

- Eg kjem til å sakna både banken og Kjersti, sa Bjørvgulv Eik då han tok ut kontantar for siste gong over denne skranken.

- Vi kan jo reise til Rosendal for å treffa deg, sa ein annan kunde.

Kjersti fekk mange praktiske spørsmål om framtida på denne dagen og eitt av dei var kor mykje ein kan få ut på SPAR. Svaret er 5.000 kroner om gongen, men her er det ein viktig reservasjon: Det er sendt ut melding til kundane om at uttak av kontantar utan bruk av kort ikkje er mogeleg frå skiftet 6. april. Dei tekniske løysingane er diverre ikkje fullt ut på plass i butikken slik banken tidlegare er lova.

Truleg vil det gå nokre veker før løysinga er på plass.

Men ved bruk av kort er uttak mogeleg frå første dag.

Av Ola Matti Mathisen